



Elin Hoshovde
Liakroken 38
5132 Nyborg

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/432 - 22/6422

Sakshandsamar:
Roald Kvingedal
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
26.07.2022

Melding om delegert vedtak - oppføring av tilbygg på fritidsbustad - gbnr 33/27, Elvik

Administrativt vedtak. Saknr: 067/2022

Tiltakshavar: Elin
Hushovde

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

VEDTAK:

Masfjorden kommune viser til plan- og bygningslova § 19-2 og godkjenner søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommunelan for oppføring av tilbygg til fritidsbustad gbnr 33/27, Elvik . Søknad med vedlegg mottatt 04.05.2022 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tiltaket må ikkje igangsetjast før klagefristen på dispensasjonsvedtaket er ute og det ikkje ligg føre klage på dispensasjonsvedtaket.

Grunngjeving: Kommunen vurderer at omsøkt terrasse vert tilpassa bygget og anna bebyggelse i området. Omsyn til landskap og landskapsestetikk vert etter kommunen sitt skjønn ivareteke. Det har i vurderinga blitt lagt vekt på omsynet til miljø, landskap og friluftsliv. Etter administrasjonen si vurdering er det overvekt av moment som talar for godkjenning av søknad om dispensasjon, i samsvar med plan- og bygningslova § 19-2.

Heimel: Plan- og bygningslova § 20-1 og Masfjorden kommuneplan 2018-2030.

Masfjorden kommune viser til plan- og bygningslova § 20-4 og godkjenner søknad om løyve til oppføring av tilbygg til fritidsbustadhus gbnr 33/27, Elvik.

Søknad med vedlegg mottatt 03.05.2022 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart mottatt 03.05.2022.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving: Søknaden er i tråd med dispensasjonsvedtaket sak 22/432.

Heimel: Plan- og bygningslova § 20-4 og arealdelen til kommuneplanen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.3	Dispensasjon til mindre tiltak på bebygd eigedom	1	5500
10.3.1	Basisgebyr	1	5300
	Totalt gebyr å betala		10.800

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeve

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Det er i søknad mottatt 03.05.2022 søkt om løyve til oppføring av tilbygg til fritidsbustadhus gbnr 33/27.

2. Uttale

Søknaden er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Det føreligg ingen merknader til søknaden.

3. Fakta

Saka gjeld søknad om løyve til oppføring av tilbygg til fritidsbustadhus gbnr 33/27. Omsøkt tiltak er på 33m2. Teikningar på tiltaket ligg ved som vedlegg til søknad.

Gjeldande plangrunnlag: Eigedomen er omfatta av kommuneplanen sin arealdel, vedteken av Masfjorden kommunestyret 09.05.2020 i sak 021/19. Eigedomen er LNF- området med spredd bustadbygging.

Tiltaket krev dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen. Søkjar har søkt om dispensasjon frå er LNF- området med spredd bustadbygging, mottatt 04.05.2022.

Søknaden er sendt til uttale til Statsforvaltaren i Vestland, det er ikkje kome merknader til søknaden. Vedtak i saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland, klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

4. Vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er satt av til i arealdelen til kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gjeve dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. Plan - og bygningslova (pbl) § 19-2 andre ledd.

Kommunen vurderer at omsøkt terrasse vert tilpassa bygget og anna bebyggelse i området. Omsyn til landskap og landskapsestetikk vert etter kommunen sitt skjønn ivareteke. Kommunen vurderer at omsyn til ålmenta sine interesser i høve til ferdslø og friluftsiinteresser ikkje vert tilsidesatt i stor grad ved å gje løyve til tiltaket.

Det har i vurderinga blitt lagt vekt på omsynet til miljø, landskap. Etter administrasjonen si vurdering er det overvekt av moment som talar for godkjenning av søknad om dispensasjon, i samsvar med plan- og bygningslova § 19-2.

5. Konklusjon

Masfjorden kommune viser til plan – og bygningslova § 20-4 og 19-2 og godkjenner søknad om oppføring av tilbygg til fritidsbustadhus gbnr 33/27, Elvik, jf, vedtak.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Berge Andreas Hoshovde

Kvernhusrenen 58 5208

Os

Mottakarar:
Elin Hoshovde

Liakroken 38

5132

Nyborg